

Fensfjordbygg AS

Haugsværli 1

5983 Haugsvær

17.11.17

Masfjorden kommune

v/ Sveinung Toft

5981 Masfjordnes

MINDRE REGULERINGSENDRING HOSTELAND SENTRUMSOMRÅDE

Fensfjordbygg AS skal oppføre nybygg på tomt gnr. 14 bnr.104 på Hosteland. Tomten er regulert som KBA1 i vedteken reguleringsplan.

Bygget skal innehalde kontor for offentleg verksemd, butikk, samt 10 leiligheiter. Tomten er i minste laget, og vi har utfordringar med å etablere nok parkeringsplassar på eigen grunn.

For å oppnå tilstrekkeleg areal til dei føremål vi vil ha inn, må vi derfor bygge i 4 etasjar, for å spare grunnflate. På denne måten disponerer vi tomtearealet best, slik at alle behov blir ivaretatt. Grunnflate 1.etasje blir 1147 m². Areal 2. og 3.etasje blir 804 m², medan 4.etasje blir 752 m².

I reguleringsføresegnene for KBA1 punkt 3.5.1 er byggehøgde sett til 13,5 m.

Som vedlagte snitt av bygget viser, blir dette for lite.

Konklusjonen er at punkt 3.5.1 må endrast til inntil 17,5 m.

Bygget er eit viktig samfunnsmessig tiltak, som er viktig for Masfjorden sin vidare utvikling. Utan eit slikt bygg, vil Masfjorden stå i fare for å miste viktige funksjonar.

Vi ser reguleringsendringa som ein liten endring. At bygget blir høgare vil ikkje sjenere nokon, då terrenget bak er og fortsatt vil bli ubebygd.

Vi legg ved situasjonsplan, teikningar og snitt for bygget.

Med helsing

For Fensfjordbygg AS

Bjørnar Vik

